

## Møtereferat

Dato: 28.04.2015

Emne:	<b>Kommuneplanens samfunnsdel Bergen 2030</b>	
Til stades:	Bergen kommune: Mette Svanes, Mette Iversen, Kjell Åge Matre, Richard Taule, Saliba Andreas Korkunc, Martin Smith-Sivertsen Fylkesmannen: Gudrun Stefansdottir, Grete Riise, Torgeir Flo, Brooke Wilkerson Hordaland fylkeskommune: Hans Inge Gloppen, Kari Patricia Kleppe, Jan Nordø, Gunhild Raddum, Per Nordmark, Ole Vegard Skauge, Britt Karen Spjeld, Marit Rødseth, Sigrid Bjercke Statens Vegvesen: – Odd Høydalsvik, Unn Jenny Utne Kvam, Kristina Ebbing Wensaas	
Forfall:		Sak: 2014/13624-64
Møtetid:	28.04.2015	Møtestad: Sunnhordland HFK

**Møteleiar:** Marit Rødseth

**Referent:** Sigrid Næsheim Bjercke

### Innleiing

Marit Rødseth innleier med å ynskje velkomen til planforum, med kommuneplanens samfunnsdel for Bergen. Planen vil vere ein sær s viktig premiss for andre planar i kommunen.

### Presentasjon av planarbeidet.

Ved Martin Smith Sivertsen. Byrådsleiari er ansvarleg for planen. Kommunaldirektørane har vore styringsgruppe, saman med representantar frå byrådsavdelingane. Planen er produsert ved Etat for plan og geodata, på svært kort tid. Plangruppa har gitt seg sjølv namnet stuntpoetane.

Hovudpremiss for planen er:

- Klimautfordring
- Folkehelse
- Befolkningsvekst

Hovudstrategi er fortetting.

Byen har historisk vore tett, så spreidd, men vert no lagt opp til fortettingsstrategi i KPA. Kart i samfunnsplanen viser utvida sentrum. Dette føreset gode arealplaner.

Gåbyen viktig satsing. Brua over Puddefjorden er døme på dette. Gåbyen inkluderer også satsing på sykkel, med mål om 10%.

Mette Svanes fortsette presentasjon av planen:

Viktigaste utfoldingane er å legge til rette for en **aktiv** og **attraktiv** by. Bergen kommune har mange sektorplanar, samfunnsdelen bygger på disse og skal leggast til grunn for nye og revidering av eksisterande planar. Målet er å bruke ressursar meir samordna. Arealdelen vil bli lagt fram med bindande føresegn om eitt år.

OBS Høyringsfrist, 18.05.2015, det er stram tidsplan.

Ut over dette viser vi til sjølve plandokumentet når det gjelder innhald i planen.

### Generelle kommentarar.

Planforslaget fungerer godt, er letlest. Det er positivt at planen ser ting i samheng, og at ein finn sektorplanane igjen. Vi saknar referanse til regionale planar.

Aktiv og attraktiv er gode slagord, som er lett å huske.

### Gåbyen

Gåbyen kan også vere det same som timinutters byen. Gåbyen bør få konsekvensar for lokalisering av service og tenester.

Det er positivt at planen særleg trekker fram verdien av tilleggsopplevevingar for dei som går. Kulturminne vert ikkje berre ein passiv ressurs. Dette kan også koplast til andre tema i planen. Bergen kommune får ros for at dei er i gang med å kartlegge nærfriluftsområde som eit ledd i å sikre blågrøn struktur i arealplanane.

Positivt med fokus med alternative aktive transportformer. Sykkel må trekkast meir fram, sykkelnett må sikrast på lik linje som gangnett. Dette til skilnad frå sykkelanlegg. Husk el. sykkel. Gå og sykkeltilrettelegging er gjensidig avhengig av einannan. Tilrettelegging for både transport på sykkel for kortare turar og for transport og treningsturar krev ulike tempo. Det er arealkrevjande med godt tilbod til alle og må gis prioritet i overordna planlegging.

Gåbyen veldig positivt i et folkehelseperspektiv. Bustader og gode nærområde for barnefamiljar er viktig. Barn er sårbare trafikantar, og kan vere i konflikt med mellom anna transportsyklistar.

Kommentar frå kommunen:

Planen nedprioriterer ikkje sykkel. Gåbyen et strukturelt grep for å få på plass mange av dei andre måla.

### Framtidsretta

Utbygging - Det er positivt at samfunnsdelen presiserer at: *Tidligere tiders feltutbygging og byspredning er avløst av en fortetningsstrategi i de bebygde områdene. - Områder som tidligere er avsatt til feltutbygging skal vurderes på nytt ut fra målet om en kompakt bystruktur og nullvekst i biltrafikken.*

Næringsutvikling - Næringsssatsing i Bergen kommune er i hovudsak kanalisert til BRB, outsourcing. Spørsmål, korleis er dette organisert og korleis er kopling til byråd? Korleis ivaretek dette dei demokratiske prosessane?

Regional plan for Bergensområdet. Viser at fråflytting frå Bergen fram til 1990 var større enn tilflytting og skuldast mellom anna manglande tilgang på bustad. Dette kan bli eit scenario i framtida, og ei utfordring for kommunen sitt planarbeid.

Planen viser ein illustrasjon med utvida sentrumsområde som eit framtidig scenario. I høve til regional plan for attraktive senter er sentrum definert som eit mindre område konsentrert med godt kollektivtilbod. Eit stort senterområde kan gjere at alt kan kome over alt. Alternative løysingar med fleire mindre senter innanfor det gule området bør vurderast. Vi ventar at dette blir konkretisert i arealplanen.

Det er positivt at det i pkt 3. vert presisert ynskje om samlokalisering av tenester. Hovudfortetting i Bergenhus er interessant.

Kommunen sin kommentar:

- Ønskjer å bruke BRB så mykje som mogleg, opplever ikkje at verksemda er lagt over til framande
- næring er trekt fram og skildra i tråd med strategisk næringsplan.

### Medverknad

Planarbeidet har vært gjort på kort tid og medverknad har i hovudsak skjedd internt, primært i dei ulike byrådsavdelingane. Planen vert aktivt formidla i høyringsfasen, i informasjonsmøte, presentasjon med oppslag der folk ferdast i senter o.l. internett, avis og sosiale media. Det er enkelt å gi innspel via kommunen sine nettsider.

Strategisk kart - Statens vegvesen ønskjer å være med ved utarbeiding av eit strategisk kart

Kommunen sin kommentar:

- Prinsippskisse på s.25 viser koplingar på overordna nivå.
- SVV arbeider med ytre ringveg, kommunen avventar dette arbeidet.

### Drivkraft i regionen

Vestlandets hovudstad, vi er ikkje ueinig, men kan kanskje vere omstridt i nabofylker?

Kor er fylkeskommunen, eller eit regionalt politisk nivå? Planen bør spele saman med regional næringsplan og plan for attraktive senter. Bergen er som eit nav som spelar saman med regionsentra. Bergen svak på næring. Medlemskap i BRB, føreset tett samhandling med fylkeskommunen. Fylkeskommunen har virkemiddel ut over kommunegrensene. Det har ikkje dei einskilde kommunane.

Bergen vil samarbeide med kommunane rundt Bergen om næringsutvikling. Er det gjort undersøking om kva for forventningar det er i dei andre kommunen. Dette er interessant når en ønskjer å gjøre seg attraktiv for andre.

Kommunen sin kommentar:

- Planen gjenspeglar arbeid i Bergens alliansen.

### Kompakt

Vi merker oss positivt i planen at : *Områder som tidligere er avsatt til feltutbygging skal vurderes på nytt ut fra målet om en kompakt bystruktur og nullvekst i biltrafikken.*( s 32)

Kompakt heng mykje saman med gåbyen, gir også premiss for human scale i sentrum og rom for individet.

Det er behov for å tydeliggjere innhald i ord og vendingar og begrepsforståing knytt til arkitektur og estetikk, urbanitet etc.

### Bustader

For kven og kva slags bustader skal det leggest til rette for i sentrum?

Det er positivt at kommunen har kartlagt støy. Potensiale for gode areal for bustader i den kompakte byen er avgrensa av omsyn til støy.

### Kulturminne

Kulturminne må bli kartlagt i forkant før fortetting, der ein viser kor det er behov for vern, og kor ein kan bygge. Det er positivt at vi finn igjen kulturminne under fleire punkt. Kulturminne bidrar til gjenkjenning, identitet, mangfald, oppleving av tryggleik og gir særpreg til staden.

### Landbruk

Planen legger opp til bynært landbruk, kortreist mat, parsellhagar o.l. Landbruk i randsonen må også ivaretakast i arealplanen.

## Handel

Saknar at handel vert omtalt i planen. Til dømes er det interesse for ein sjølvforsyningsgrad på bydelsnivå? Kommunen har verkemiddel som kan nyttast aktivt til å regulere handel meir målretta.

Barnehagedekking på bydelsnivå er veldig positivt. Kan dette justerast ytterlegare til lokalnivå?

Kommunen sin kommentar:

- Gåbyen viser nærleik til daglige behov og vil også vere ein premiss for lokalisering av handel.
- Handel skal skje i dei prioriterte fortettingsområda KPA
- Meir om dette kjem i arealplanen, kartleggingsarbeid er på gang

## Mangfoldig

Planer for internasjonalt samarbeid kan løftas fram.

Bergen bruker omegnskommune til friluftsliv og idrett og omvendt, dette kan synleggjerast.

## Trygg

Kompakt by, folk sentralt gir trygghet. Ver merksam på utbygging og bit for bit planlegging, der du mister heilskapen og intensjonane frå dei overordna planane går tapt. Er føringane tydelege nok, sterke nok?

Kulturminne kan avbøte oppleving av framandgjøring, og har ein rolle å spelee i forhold til å vere markørar.

Kommunen sin kommentar:

- Ein refleksjon knytt til krav om attraktivt uteareal. I tett by kan vere ei alternativ løysing med større attraktive fellesareal, til erstatning for krav om private uteoppfallsareal.

## Særpreg

I forhold til kulturminne er punkt. 1-5 veldig bra : )

## Avsluttande kommentarar frå planforum:

Planen har gode mål. Det er viktig at måla vert målt og at ein i etterkant kan sjå om kva ein har oppnådd. Dette set krav til handlingsdelen utforming og formidling av denne.

Vi ser fram til og har store forventingar til kommuneplanens arealdel.

## Oppsummering ved Martin Smith Sivertsen:

Bestillingen var en kort og overordna plan, administrasjonen har levert.